

## Forskrift om folkevalde sin rett til møtegodtgjersle og velferdsgode i Sykkylven kommune

Vedteke av Sykkylven kommunestyre xx.xx.2024 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10.

### KAP 1 GENERELT

#### § 1-1 *Formål og virkeområde*

Forskrifta har som formål å sikre dei folkevalde i Sykkylven kommune godtgjering og dekking av utgifter i samband med deira kommunale verv.

Forskrifta omfattar medlemmer i folkevalde organ og andre politisk valde representantar i utval, nærmere fastsett i den vedtekne politiske organiseringa i Sykkylven kommune.

Forskrifta er fastsett i samsvar med forvaltningsloven § 37 og utarbeidd i medhald av kommuneloven kap. 8 der det står at kommunestyret sjølv skal gje forskrift som omfattar

- § 8-3 Dekking av utgifter og økonomisk tap
- § 8-4 Arbeidsgodtgjering
- § 8-6 Etterløn
- § 8-10 Permisjonar

Folkevalde er medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret og personar som eit folkevald organ har vald inn i eit folkevald organ, eller eit anna kommunalt organ jf. kommuneloven § 5-1 og § 5-2.

#### § 1-2 *Folkevalde sin rett og plikt til å delta på møte*

Medlemmer i kommunen sine folkevalde organ plikter å delta i organa sine møte om dei ikkje har gyldig forfall. Gyldig forfall er sjukdom eller andre hindringar som gir rett til gyldig fråvær etter kommuneloven. Forfall skal meldast til politisk sekretariat/postmottak. Øvrige reglar som møteplikt og forfall går fram av kommuneloven § 8-1 , og kommunen sine reglement.

#### § 1-3 *Tvils- og tolkingsspørsmål*

Spørsmål om tolking av reglementet skal avgjerast av formannskapet.

### KAP 2 RETT TIL DEKKING AV UTGIFTER OG ØKONOMISK TAP

#### § 2-1 *Skyss og reiser*

Reiseutgifter vert dekt etter kommunalt regulativ.

Det vert betalt km-godtgjersle/dekt bussutgifter til dei som har meir enn 3 km ein veg til møtestaden.

**§ 2-2 Pass av barn**

Legitimerte utgifter til barnepass vert godtgjort med inntil 0,08 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregående år,- pr time. Dette gjeld for pass av barn under 12 år, eller barn med funksjonshemmning.

**§ 2-3 Tapt arbeidsinntekt**

Legitimert tapt arbeidsinntekt (inkl feriepengar) blir dekt med inntil 7,5 timer pr dag. Maksimalt beløp for legitimert tap i arbeidsinntekt er tilsvarende ei dagløn for ordførar pr tapt arbeidsdag. For kortare fråver enn 7,5 timer pr dag blir maksimalsatsen redusert tilsvarende.

For sjølvstendig næringsdrivande vert maksimalt beløp sett til 1,6 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregående år pr tapt arbeidsdag. For kortare fråver enn 7,5 timer pr dag, blir maksimalsatsen redusert tilsvarende.  
Ulegitimert tapt arbeidsinntekt (inkl feriepengar) blir dekt med kr 1,3 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregående år pr arbeidsdag. For kortare fråver enn 7,5 timer blir maksimalsatsen redusert tilsvarende.

Udokumenterte krav vert dekt for møter innanfor normal arbeidstid; kl. 0800 – 1600.

Tap i inntekt skal dokumenterast. Der det ikkje kan gjevast legitimasjon frå arbeidsgjevar, skal det nyttast eigenerklæring.

Krav om tapt arbeidsforteneste skal som hovudregel sendast inn seinast 3 månader etter at den tapte inntekta oppstod.

**KAP 3 FAST GODTGJERSLE****§ 3-1 Ordførar**

Ordførarvervet er fastsett til 100 % stilling. Ordførar si godtgjerse vert fastsett til 95% av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregående år. Ordførar får ikkje utbetalta møtegodtgjersle i tillegg.

**§ 3-2 Varaordførar**

Godtgjersle til varaordførar er fastsett til 10% av ordførar si godtgjersle. I tillegg vert det utbetalta fast årleg godtgjersle på 3,45 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregående år som dei andre medlemmene i formannskapet og ev. godtgjering for møte i andre utval varaordføraren er medlem i.

Ved eventuell permisjon for ordførar får varaordførar godtgjersle som ordførar.

**§ 3-3 Formannskapet**

Formannskapet sine medlemmer – utanom ordførar – får fast årleg godtgjersle på 3,45 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregående år.

**§ 3-4 Leiar i hovudutval og kontrollutvalet**

Leiar i Levekårsutvalet, Nærings- og utviklingsutvalet og Kontrollutvalet får ei fast årleg godtgjersle på 3,45 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregående år.

**§ 3-5 Fråvær**

Ved fråvær på meir enn 25 % eller meir vert fast godtgjersle redusert forholdsmessig etter deltaking.

Reduksjonen vert berekna halvårsvise, i samband med utbetaling av godtgjersla.

Dette gjeld ikkje ekstra-møte som vert kalla inn på kort varsel, utanom møteplanen.

## KAP 4 MØTEGODTGJERSLE

### § 4-1 *Felles for alle råd og utval*

Folkevalde som mottek fast årleg godtgjersle får ikkje møtegodtgjersle for same møta. Dette gjeld ikkje varaordførar.

Det vert ikkje utbetalt møtegodtgjersle der representanten er invitert og ikkje har møteplikt.

Det vert ikkje utbetalt godtgjersle for deltaking på kurs og konferansar o.l.

Det vert ikkje utbetalt møtegodtgjersle for gruppeleiarmøte og partipolitiske møte og liknande.

Fysiske møte og møte via digitale kanalar gir same godtgjersle, så lenge det er eit formelt innkalla møte og det vert gjennomført på vanleg måte.

Godtgjerslesatsane vert avrunda til nærmeste 10 kr.

### § 4-2 *Satsar for godtgjersle*

Møtande varamedlemmer i formannskapet får ei godtgjersle på 1,62 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år pr. møte.

Medlemmer og møtande varamedlemmer i kommunestyret får ei godtgjersle på 1,62 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år pr. møte.

Medlemmer og møtande varamedlemmer i Levekårsutvalet, Nærings- og utviklingsutvalet og Kontrollutvalet får ei godtgjersle på 1,62 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år pr. møte.

Fungerande leiar, når leiar er fråverande, i Levekårsutvalet, Nærings- og utviklingsutvalet og Kontrollutvalet får ei godtgjersle på 3,24 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år pr. møte.

Møtande varamedlemmer som deltek i inntil 2 enkeltsaker i eit møte, får utbetalt halv godtgjersle.

Medlemmer og møtande varamedlemmer i AMU, råda og andre kommunale utval (arbeidsgrupper/ad-hoc-utval/kommunale representantar i årsmøte/samarbeidsutval) får ei godtgjersle på 0,86 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år pr.møte.

Leiarar i AMU og andre kommunale utval får ei godtgjersle på 1,72 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år pr. møte.

Kommunalt tilsette og andre som i kraft av stillinga si har møteplikt i kommunale utval får ikkje møtegodtgjersle for møte som vert halde i arbeidstida deira. Viser til overtidsbestemmelsane i arbeidsmiljøloven og avtaleverket.

Tillitsvalde og andre tilsette som møter i partssamansett utval (AMU og adm.utval) har ikkje rett til godtgjersle om møte skjer i arbeidstida deira. Viser til overtidsbestemmelsane i arbeidsmiljøloven og avtaleverket.

For større prosjektarbeid kan formannskapet fastsetje/vurdere godtgjersle.

#### **§ 4-3 Valgodtgjersle**

Leiar i røystestyra får ei samla godtgjersle på 6,48 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år. Medlemmer får ei samla godtgjersle på 4,96 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år.

#### **§ 4-4 Kommunale aksjeselskap**

Politisk valde medlemmer i årsmøte og/eller generalforsamling får ei godtgjersle på 0,86 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år. Dersom generalforsamling er kommunestyret eller formannskapet sine medlemmer, og generalforsamlinga er i samband med eit ordinært møte, blir det berre betalt vanleg godtgjersle for kommunestyremøtet/formannskapsmøtet.  
Honorar til styret vert dekt av selskapet sjølv.

#### **§ 4-5 Interkommunale selskap**

Det vert ikkje betalt godtgjersle eller dekt utgifter til styremedlemmer i interkommunale selskap, IKS mv. etter dette reglementet.

#### **§ 4-6 Godtgjersle for fleire møte same dag**

Når ein folkevald deltek i meir enn eitt politisk møte etter kvarandre, vert det betalt møtegodtgjersle for kvart møte som varer meir enn ein time.

### KAP 5 UTBETALING

#### **§ 5-1 Utbetaling kvar månad**

Fast godtgjersle til ordførar og varaordførar vert betalt ut ein gong pr. månad.

#### **§ 5-2 Halvårleg utbetaling**

Møtegodtgjersle vert betalt ut to gonger i året, i juli og desember.  
For nokre utval med få møte kan det avtalast at utbetaling skjer årleg i desember.

Tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter og godtgjersle for barnepass vert utbetalte saman med møtegodtgjersle, ev. når krav vert framsett.

#### **§ 5-3 Grunnlag for utbetaling**

For at folkevalde skal få utbetaling av godtgjersle, må møtet/synfaringa vere protokollert med opplysning om deltakarar, møtestad, møtetid og møtelengde.

Møtesekretær skal sende opplysningane til fellesenestene. Krav om godtgjersle skal førast på eige skjema.

## KAP 6 ETTERGODTGJERING, PENSJON OG YRKESSKADE, PERMISJONAR

### *§ 6-1 Ettergodtgjering*

Folkevald som har vervet som hovedvirke (ordførar) kan innvilgast ettergodtgjering i inntil tre månader etter valperioden dersom vedkomande ikke har inntektsjelvende arbeid. Søknad om ettergodtgjering skal avgjørest av kommunestyret.

Retten til ettergodtgjering vert avkorta mot anna inntekt etter reglane i kommuneloven § 8-6, andre og tredje ledd.

### *§ 6-2 Pensjonsordning*

Folkevald som har vervet som hovedvirke (ordførar) har rett til pensjon i tråd med Sykkylven kommunen si pensjonsordning for folkevalde, jf kommuneloven § 8-7.

### *§ 6-3 Rett til sjukepengar*

Folkevald som har vervet som hovedvirke (ordførar) har same krav på sjukepengar som tilsette i Sykkylven kommune, jf kommuneloven § 8-8.

### *§ 6-4 Rett til yrkesskadeytingar*

Folkevald som har vervet som hovedvirke (ordførar) har same rett til ytingar ved yrkesskade som tilsette i Sykkylven kommune, jf kommuneloven § 8-9

### *§ 6-5 Permisjonar*

Folkevald som har vervet som hovedvirke (ordførar) har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljøloven §§ 12-1 – 12-10, § 12-12 og § 12-15, jf kommuneloven § 8-10.

## Kap. 7 IKRAFTSETTING

### § 7-1 Forskrifta trer i kraft straks.